
Fra: Anne Mette Mydland <anne.mydland@opus.no>
Sendt: fredag 20. april 2018 11.30
Til: Tonje Nepstad Epland; Postmottak Radøy
Kopi: sivasund@online.no
Emne: SV: Kvalheimsneset fritidsbustad- og serviceområde - manglar i plandokumenta
Vedlegg: Kvalheimsneset fritidsbustad - oversikt over endringer gjort i plankart og føresegner 200418.docx; Kvalheimsneset Reguleringsføresegner 230318 rev 200418.doc

Hei Tonje,

Vedlagt følgjer oversikt over endringar gjort i plankart og føresegner som du ba om. I tillegg ligg eit justert utkast til føresegner.

Vi ser at det er eit par ting som kan justerast tilbake i føresegnene for å avvike mindre frå vedtatt plan. Dette gjeld § 2.1.1: gesimshøgde + samt ein setning om at fritidsbustader kan oppførast i ein etasje med underetasje, som var fjerna. I reviderte føresegner vedlagt er gesimshøgde justert til 4,6 m for alle felta, i staden for 6 m som står i føresegnene sem er tilsendt. Setning som var fjerna er teke inn ingen. Ingenting anna er endra i føresegnene som er vedlagt, ny tekst i blå skrift. Dette er også beskrive i oversikt over endringar.

Eg håper dette er tilstrekkeleg for kommunen som grunnlag for å ta stilling til planframlegget. Ta kontakt om det skulle vere noko anna.

Beste helsing

 **Anne Mette Mydland**
Biolog
98 42 47 44
www.opus.no



Fra: Tonje Nepstad Epland <tonje.epland@radoy.kommune.no>
Sendt: torsdag 19. april 2018 15.18
Til: Anne Mette Mydland <anne.mydland@opus.no>
Kopi: Post Opus Bergen <post@opus.no>
Emne: Kvalheimsneset fritidsbustad- og serviceområde - manglar i plandokumenta

Hei, vi sitter i 12-time med planframlegget til planendringa for Kvalheimsneset fritidsbustad- og serviceområde. Ved stikkprøver i føresegna, ser vi at det er gjort fleire endringar i føresegna som ikkje er omtalt i planskildringa eller i andre dokument, og som ikkje er relatert til føremålsendringa. Kommunen har lagt til grunn at einaste endring er det som er opplyst i oversendinga og tidlegare varsla – endring frå kombinert føremål til fritidsbustad. Kommunen kan ikkje ta stilling til eit endringsframlegg utan å ha full oversikt over kva som faktisk er endra.

Vi ber om å få tilsendt ei komplett oversikt over kva endringar som er gjort i planen, både i føresegner og i kart. Om planen skal kome med til møtet 2. mai må oversikta vere oss i hende innan kl 12 i morgon, fredag.

Helsing

Tonje Nepstad Epland

Leiar teknisk forvaltning

Radøy kommune

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 50

E-post: tonje.epland@radoy.kommune.no

